

**Avdeling for helseleiing og helseøkonomi**  
Universitetet i Oslo

*Skrifteleg eksamen onsdag 8. april 2015:*

**HLED1102 – Helsetenesta i samfunnet – innføring i  
helsepolitikk**

Tid: 09.00-13.00 (4 timer)

Hjelphemiddel er ikkje tillate under eksamen.

Sensuren fell 29. april 2015, sjå oppslag på tavla ved Avdeling for helseleiing og helseøkonomi, Forskningsveien 3A. Resultata vil òg vere å finne på studentweb.

Sensuren reknast som teken imot av studenten når den blir hengd opp, om ikkje gyldig fråvær kan dokumenterast.

Oppgåvesettet er samansett av **2 sider** inkludert denne.

Kandidaten skal levere både original og kopi av svara på oppgåvene.

**LUKKE TIL!**

**Under oppgåve 1: svar ENTEN på oppgåve A ELLER på oppgåve B. Under oppgåve 2: svar på TRE av fem spørsmål. Spørsmåla under oppgåve 2 tel likt ved karaktersetjinga. Oppgåve 1 tel 50 % og oppgåve 2 tel 50 % når svara på oppgåvene blir vurdert i si heilheit.**

### **Oppgåve 1**

#### **ENTEN**

**A:** Gjer greie for hovudtrekkja i New Public Management (NPM) tilnærminga. Relater NPM til sentrale kjenneteikn ved organiseringa og styringa av det norske helsevesenet. Drøft deretter korvidt konkurranse i helsektorane er ein god idé. Trekk fram både fordelar og ulemper.

Bruk som overskrift: NPM, konkurranse og helse

#### **ELLER**

**B.** Gjer greie for korleis helsetenestane i Noreg er finansiert, irekna ei beskriving av ulike typar finansieringsordningar og staten og kommunane sine roller i finansieringa. Få fram sentrale utviklingstrekk i måten å finansiere helsetenestane på dei siste 20 åra. Drøft til slutt korleis finansiering av helsetenestar kan analyserast gjennom ein Prinsipal-agent tilnærming.

Bruk som overskrift: Finansiering av helsetenestane

### **Oppgåve 2:**

Svar på tre av følgjande spørsmål:

- a) Kva går den parlamentariske styringskjeda ut på? Korleis vil du plassere høvesvis etatsstyring og eigarstyring innanfor ramma av ei parlamentarisk styringskjede?
- b) Gjer kort greie for EØS-avtala si betydning for den norske helsesektoren. Påpeik nokon moglege konsekvensar av avtala for norske helsetenestar.
- c) Gjer kort greie for hovudtrekk ved den norske velferdsstatsmodellen og vurder kort korleis helsetenestane inngår som del av denne modellen.
- d) Kva inneber tingar/utførar-modellen i offentleg verksemrd? Vis gjennom dømer relevansen av denne modellen for det norske helsevesenet.
- e) Gje ei kort utgreiing av sjukehusreforma frå 2001/2002 som etablerte helseføretaka i Noreg. Korleis skilde føretaksorganiseringa seg frå tidligare organisering av sjukehusa?